

Bømlo Jordvernforeining v/ Ståle Sakseide

Ytre Sakseid-vegen 7,

5437 Finnås

[bomlo@jordvern.no](mailto:bomlo@jordvern.no)

22.04.2018

Hordaland Fylkeskommune v/Heidi Bjønnes Larsen

[hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) ref: 2017/14135

**Uttale frå Jordvernforeininga i Bømlo, i høve høyring om Temaplan landbruk i Hordaland 2018-2022.**

Jordvernforeininga i Bømlo ser positivt på Temaplan for landbruk i Hordaland. Me er einige i innhaldet, men me er usikre på kor stor vekt ein slik plan har når det kjem til stykket. Når det er konflikt mellom jordvern og andre interesser, er det vår erfaring at store samfunns/kapitalinteresser vinn fram og matjord vert bygd ned og vert tapt for all framtid.

Dersom Temaplan Landbruk skal ha noko for seg, må det fylgja handling med dei fagre orda. Det er svært positivt at ein har eit mål om maksimal nedbygging av jordbruksareal på 240 dekar årleg, men korleis skal ein oppnå dette? Skal denne planen overstyra lokale planar? Det er vel framleis dei einskilde kommunane som vedteke dette? Kven har ansvar for at kommunane i Hordaland samla ikkje overstig dette målet? Jordvernforeininga i Bømlo kan ikkje sjå at planen inneheld ei beskriving av kven som har ansvar for dette.

Me vil visa til Jordvernkonferanse i Haugesund hausten 2017, der Fylkesmennene i Hordland og Rogaland inviterte tilsette på plan/landbruk i alle kommunar til møte om korleis ny jordvernstrategi skal handsamast. Det vart også påpeika at Fylkesmennene ynskte å formidle den same informasjonen til kommunepolitikarane. Me har følgjande forslag til tekst i ny Temaplan for Landbruk 2018-2022 : **Kommunane må påleggjast å gje dei folkevalde etter kvart val, opplæring i korleis Nasjonal Jordvernstrategi skal etterfølgjast i arealpolitikk. Denne opplæringa må vera eit ansvar for Hordaland Fylkeskommune eller Fylkesmannen i Hordaland.**

Jordvern er viktig i eit globalt perspektiv i beredskapssamanheng. Me står føre store klimaendringar, uro og folketalsvekst i verda. Dette kan gi matmangel og samfunnsmobilitet. For å vera førebudde på dette, må me auka vår sjølvforsyninggrad av mat. Me må derfor ta vare på den vesle matjorda

me har i Noreg og kan ikkje tillate vidare nedbygging av matjorda vår. Matvareberedskap er og viktig lokalt, ikkje berre nasjonalt og internasjonalt. Det er derfor viktig at landbruket i heile landet lever vidare. I mange arealsaker der jordvernet taper, er argumentet at dette er så få dekar, at det ikkje har betydning i den store samanhengen, men når dette vert gjort heile tida, vert det store areal totalt. Dette kan ikkje få halda fram!

**Me meiner det må inn eit nytt moment inn i denne temaplanen : Nullvisjon på nedbygging av dyrka/dyrkbar mark og beiter.**

Der det ikkje er mogleg å unngå nedbygging av matjord, må det vera den råka bonden som får eigarskapen til matjorda, og matjorda må flyttast til anna tilsvarende areal på den garden som vert råka. Matjorda må flyttast av kyndige folk, slik at den ikkje vert øydelagd, eller hamnar i det nedste laget når ein skal etablere ny dyrkamark.

Klimaet på Vestlandet vert stadig våtere, og bøndene taper mykje på øydelagde avlingar. Det er derfor sentralt at tilskot til grøfting vert auka monaleg for å kunna bøta på dette problemet.

Me registrerer at jordvern ikkje er eit hovudtema i landbruksplanen. Me vil understreka at jordvernet må vera overordna desse hovudmåla. Utan matjord, forsvinn landbruket og dei tre hovudtema fell vekk.

Jordvernforeininga i Bømlo bed om at følgjande tekst vert teken med i den endelege planen :

- **Kommunane må påleggjast å gje dei folkevalde opplæring i korleis Nasjonal Jordvernstrategi skal etterfølgjast i arealpolitikken . Denne opplæringa må vere eit ansvar for Hordaland Fylkeskommune eller Fylkesmannen i Hordaland .**
- **Nullvisjon på nedbygging av dyrka/dyrkbar mark og beiter.**
- **Der det ikkje er mogleg å unngå nedbygging av matjord, må det vera den råka bonden som får eigarskapen til matjorda, og jorda må erstattast med nytt tilsvarende areal på den garden som vert råka. Matjorda må flyttast av kyndige folk, slik at den ikkje vert øydelagd, eller hamnar i det nedste laget når ein skal etablere ny dyrkamark.**

Med vennleg helsing

For styret i Jordvernforeininga i Bømlo

Ståle Sakseide